



## Lotterinemnda

### Vedtak i Lotterinemnda 14. februar 2018

#### Sak

#### 2017/0253 Ørsta brann og redning - klage over avslag om å halde smålotteri

**Til stades:** Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Ingjald Sørhøy og medlem Åse Gustavsen

#### Bakgrunn for saka

Ørsta brann og redning (klagar) meldte inn smålotteri 17. oktober 2017. Lotteritilsynet avsla søknaden i vedtak 17. oktober 2017. Avslaget var grunngeve med at formålet med lotteriet er ei offentleg oppgåve, og at Ørsta brann og redning er eit offentleg organ som ikkje har høve til å arrangere smålotteri.

Det vart framset klage 25. oktober 2017. Klagar viste til at dei i forkant av søknadsfristen kontakta Lotteritilsynet, og oppfatta at personen dei snakka med meinte at drift av brannmaskoten ikkje var å rekne som ei offentleg oppgåve. Klagar viser til at dette berre er ein deltidsgjort og at ho som står for drift av maskoten, er tilsett med ein stillingsprosent på 1,06 % i brannvesenet. Difor skjer drift av brannmaskoten hovudsakleg på frivillig basis. Brannmaskoten er ikkje meint å vera ein del av den offentlege drifta til brannvesenet. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet vart sendt til Lotterinemnda 9. november 2017.

#### Det rettslige grunnlaget

Det går fram av forskrift om Lotteritilsynet og Lotteriregisteret § 5-1 at to typar lag og organisasjonar kan halde lotteri som er førehands- eller etterhandstrekte (smålotteri). Det er for det første organisasjonar som i sin verksemd varetek formåla i lotterilova § 5 første ledd (lotteriverdige organisasjonar). For det andre kan lokale og regionale frivillige organisasjonar der inntekta frå lotteriet ikkje skal brukast i kommersiell verksemd eller til ivaretaking av offentlege oppgåver, ha smålotteri.

Etter forvaltningsloven § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saken tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

#### Lotterinemnda si vurdering

Klagen gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak om å avslå søknaden om smålotteri.

Klagar ønsker å halde smålotteri med omsetning på inntil 60 000 kroner for å skaffe midlar til drift av brannmaskot som skal bidra til å lære barn og unge om brann og sikkerheit. Det følger av forskrift om Lotteritilsynet og Lotteriregisteret at det berre er lotteriverdige organisasjonar etter lotterilova § 5 eller lokale frivillige organisasjonar som på gjevne vilkår kan halde smålotteri. I forarbeida til lotterilova har lovgjevar gjort greie for kva formål som etter



## Lotterinemnda

---

lova er lotteriverdige. Her går det mellom anna fram at det ikkje vil verte gitt løyve til formål som er typisk offentlege oppgåver, jf. Ot.prp. nr. 84 (1998-1999) s. 28.

Ørsta brann og redning er ein del av Ørsta kommune, og er difor eit offentlig organ. Offentlege organ driv etter sin art med offentlege oppgåver, og kan difor ikkje halde smålotteri etter forskrifta § 5-1, jf. lotterilova § 5. Klagar har vist til at drift av maskoten ikkje inngår som ein del av dei tilsette sine arbeidsoppgåver for Ørsta brann og redning, og primært vil skje på frivillig basis. Etter nemndas syn er det og ei offentlig oppgåve å lære barn og unge i kommunens barnehagar og barneskuler om brann og sikkerheit.

### **Konklusjon**

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

### **Vedtak**

Klager får ikkje medhald.